



**Byggjестarten for bustadprosjektet på Eikelandet kjem nærare for kvar dag. No har J. Tufteland AS på Stord (rådgjevande arkitektar og ingeniørar) på vegne av Sagvåg Invest søkt kommunen om igangsetningsløyve og avfallsplan for grunn- og betongarbeidet.**

Tufteland ber om at saka blir handsama så snart som mogeleg.

Under presentasjonsmøtet for bustadprosjektet i Uskedalen for stutt tid sidan opplyste Kjell Lyder Risnes at han håpa på sal av to av dei åtte bustadane før jul.

Det er Engevik Byggsenter på Stord som skal ha ansvaret for det bygningsmessige.

Grung Arkitektur i Bergen har teikna prosjektet.